

# ÅRSMELDING VESTAFJELSKE REDAKTØRFORENING 2012

Årsmøte vart halde i BA sine lokale i Bergen.  
(Referat frå årsmøtet er lagt ved årsmeldinga.)

Styret for arbeidsåret 2012 har vore samansett slik:

Leiar: Jan Inge Fardal, Sogn Avis  
Kasserar: Nils Torsvik, Fiskaren  
Styremedlem: Vigdis Holmaas, NRK  
Varamedlem: Anders Nyland, BA

## **Generelt om aktiviteten:**

Det er avvikla tre styremøte i løpet av året, alle i Bergen.

## **Status:**

Vestafjelske Redaktørforening vart registrert formelt i Brønnøysundregisteret sitt frivilligheitsregister i januar 2012. Dette er ein føresetnad i den nye organisasjonsmodellen til NR.

## **Studieturen 2012:**

Etter ein særdeles velukka fellestur med Agder/Rogaland til Island i 2011, heldt reisesamarbeidet fram i 2012.

Me la årets studietur til Skotland, nærmare bestemt Edinburgh med ein avstikkar til BBC Skotland sine

moderne lokale i Glasgow.

Studieturen til Skottland gjekk av stabelen i dagane 20. – 23. april. Uheldigvis kolliderte denne turen med landsmøtet til i LLA, slik at mange som kunne tenkja seg å vera med, måtte vera heime. Det er ei målsetjing å unngå liknande kollisjonar i framtida.

Me var åtte frå Vestafjelske og 12 frå Agder/ Rogaland. Ein fin gjeng, som fekk ein flott, spanande og lærerik tur. Fredag var me først på omvisning i dei nye parlamentsbygget, før me hadde eit møte med dei skotske avisdesignerane Palmer/Watson (ansvarlege for redesign av både DN og Aftenposten m.m.).

Laurdag var me til BBC i Glasgow. Der fekk me ei grundig omvisning i dei topp moderne lokala. Veldig bra opplegg, takka vera Tom Hetland sine kontakter i BBC. Søndag var det sightseeing i Edinburgh, og før avreise måndag var me på vitjing hjå den norske konsulen i Edinburgh - ein engelsk, tidlegare forretningsmann med ei viss «fartstid» i Stavanger.

### **Gullparaplyen :**

Vestafjelske fekk spørsmål om å bidra til årets Gullparaply i regi av Bergen Journalistlag. Me sa ja og bidrog med 20.000 kroner.

### **Avskjed :**

Etter mange år som redaktør gjekk Sigmund Midttun av i avis Hordaland. Første helga i mai representerte leiar Vestafjelske og Norsk Redaktørforening under ein avskjedsmiddag for Sigmund på Sivletunet. Sigmund fekk blomar og god vin som takk for innsaten både frå

VF og NR.

### **Vårmøte :**

NR sitt vårmøte vart avvikla i Bergen, der Vestafjelske hadde ein birolle som vertskap under velkomstmiddagen på Fløyrestauranten torsdag kveld. Der gjorde mellom andre NRKs Bård Ose stor lukke med sitt musikalske føredrag om John Fogerty på sjølvaste frigjeringsdagen. Me deltok også på Nordiske Mediedagar.

### **Haustmøte /Regionleiarsamlinga :**

Vigdis representerte VF på regionleiarsamlinga i forkant av Haustmøtet. Regionleiarmøtet viste at fleire gjer som Vestafjeldske; bidreg aktivt til faglege møter og samlingar. Vigdis nytta høvet til å framheva Hauststormen, og vår deltaking der. Forsamlinga var imponert over deltakinga frå redaktørane på ein slik fagleg konferanse.

Leiar har vore medlem i hovudstyret og i programkomiteen, og hadde ansvaret for to programpostar under årets konferanse. Fleire har karakterisert Hauststormen 2012 som den beste nokon gong. Det er også verdt å merka seg at årets konferanse gjekk med eit overskot på kring 30.000 kroner.

NR gav økonomisk støtte til konferansen. Rådet for Hauststormen, der leiar sit - har vedteke at konferansen framover skal arrangerast på Flesland. Me meiner at det er viktig at VF er representert i styret for Hauststormen. Som er til glede og nytte for mange redaksjonar på Vestlandet.

## **Lutefisk:**

Også i år møttest nokre av VF sine kvinner og menn til lutefisk. Det var rekordstor påmelding 26 i talet. Nokre forfall gjorde at me vart 22 til bords på Wesselstuen. Diverre heldt serveringa eit så slett nivå at me før neste år vil sjå oss om etter andre etablissement.

Sogndal 14. Januar 2013  
Jan Inge Fardal